

Månadleg rapportering til politikarane - status per ultimo juni 2019

Innhold

Innleiing	2
1. Korleis ser folketalsutviklinga i kommunen og regionen ut?	2
2. Korleis er det å arbeida i kommunen?	4
3. Dei frie inntektene.....	6
4. Økonomisk resultat per juni 2019	6
4.1. Skulesjefen	6
4.2. Omsorgssjefen	7
4.3. Sosialsjefen	8
4.4. Helsesjefen	9
4.5. Barnehagesjefen.....	10
4.6. NAV	10
4.7. Plan- og eigedomssjefen	11
4.8. Kultursjefen	12
4.9. Servicetorgsjefen.....	12
4.10. Stabane – Rådmann, Personal, Økonomi og IKT	12
5. Prognose for årsresultat per sektor	13
6. Konsekvensar av innstrammingar i vikarbruk og retilsettingar.....	13
6.1. Innsparing i netto vikarutgifter	13
6.2. Effekt på sjukefråvær	14
7. Konsekvensar av sterke innsparingar i innkjøp og investeringar	15
Kutt i investeringar hos IKT-sjefen.....	15
8. Oppsummering.....	16

Innleiing

Føremålet med denne rapporten er å gje ei månadleg statusrapport i høve den økonomiske situasjonen i Fjell kommune, og rapporten er politisk forankra gjennom vedtak i Formannskapet 08.05.2019 (PS 12/2019). I vedtaket står det følgjande;

«Det økonomiske resultatet pr. 1. kvartal 2019 er særst utfordrande og krev at ein tek omfattande grep for å få kontroll over situasjonen. Resultatet pr. 1. kvartal viser totalt eit meirforbruk på 20.153.743 i høve periodisert budsjett (budsjett for 2019 er gjort opp med eit underskot på kr. 25.914.000,-).

Dersom denne utviklinga fortsett utover i 2019 vil ikkje driftsfondet kunne dekke meirforbruket og ein vil ha ein svært alvorleg økonomisk situasjon inn i nye Øygarden kommune. Det er difor nødvendig å ta omfattande grep som verkar, og som vil snu situasjonen slik at ein oppnår eit resultat tilsvarande budsjett for 2019:

- 1. Det vert innført stillingsstopp i kommunen. Ledige stillingar må handterast internt i organisasjonen og sjåast i samanheng med organisering av Nye Øygarden kommune.*
- 2. Bruk av vikarar må reduserast til eit minimum.*
- 3. Alle reiser og deltakingar på kurs og konferansar, og som ikkje er heilt nødvendig skal utsetjast eller ikkje gjennomførast.*
- 4. Alle innkjøp og investeringar som kan utsetjast skal utsetjast.*
- 5. Mindre påskjøningar/tilstellingar for jubilarar for lang og tro teneste skal halde fram.*
- 6. Det skal leggjast fram månadlege økonomiske rapporter for komité for drift og forvaltning og formannskapet.*
- 7. Resultat av lønnsforhandlingane skal synleggjerast i økonomirapport for mai 2019.*
- 8. Alle endringar som påverkar tidlegare politiske vedtak skal leggjast fram for politisk behandling.»*

Med utgangspunkt i vedtaket over vil rapporten gje ei økonomisk status månadleg der ein vurderer den økonomiske utviklinga. Rapporten presenterer først data og trendar som er aktuelle å ha med i vurderinga av den økonomiske utviklinga. Dette gjeld tal for folketalsutvikling, sysselsetting, økonomisk sosialhjelp samt frie inntekter. Deretter vert kvar den økonomiske stoda presentert sektorvis, og det vert vist til konsekvensar som følgje av innsparingstiltak. Til slutt vil rapporten gje ei samla vurdering av stoda slik den er.

1. Korleis ser folketalsutviklinga i kommunen og regionen ut?

Ved inngangen av 2019 hadde Fjell kommune 26.166 innbyggjarar. Dette er ei auke på 1,7 prosent (441 personar) frå året før. Til samanlikning hadde Hordaland fylke ei auke på 0,6 prosent, medan landet elles auka med 0,4 prosent. Samanlikna med desse har Fjell kommune framleis høg vekst, men vekstraten er likevel lågare enn venta. I perioden 2013-2015 låg folkeveksten i Fjell kommune på rundt 2,5 prosent. Vekstraten i Sund og Øygarden er på høvesvis -0,3 og 0,2 prosent. Samla sett er veksten for Nye Øygarden kommune låg (1,1 prosent).

Folketalsutvikling 2018-2019

	2018	2019	Folkevekst	Folkevekst i prosent
Landet	5295619	5328212	32593	0,6
Hordaland	522539	524495	1956	0,4
Bergen	279792	281190	1398	0,5
Sund	7085	7062	-23	-0,3
Fjell	25725	26166	441	1,7
Øygarden	4877	4889	12	0,2
NØK	37687	38117	430	1,1

Kjelde SSB. Folketal er inngangen for første kvartal i begge år.

Kvartalsvis folketalsutvikling

Tal frå 1. kvartal i 2019 viser at folketalet i Fjell har auka med 28 personar i første kvartal, til 26.194 innbyggjarar. Auka skriv seg i hovudsak frå fødselsoverskot (26 personar), medan nettoinnflytting berre ligg på 2 personar. Dette er ei prosentvis endring omtrent på lik linje med landet og fylket. Nye tal for 2. kvartal vert publisert i august.

Folketalsutvikling 1. kvartal 2019

	Folketal ved inngang av kvartalet	Fødsels-overskot	Netto-innflytting	Folkevekst	Folketal ved utgang av kvartalet	Prosent auke
Landet	5328212	1938	4612	6550	5334762	0,12
Hordaland	524495	398	404	802	525297	0,15
Bergen	281190	257	365	622	281812	0,22
Sund	7062	4	-5	-1	7061	-0,01
Fjell	26166	26	2	28	26194	0,11
Øygarden	4889	8	0	8	4897	0,16
NØK	38117	38	-3	35	38152	0,09

Trender i folketalsutviklinga og busetjingsmønsteret

Folketalet i Noreg auka med i overkant av 30 000 førre år, og folketalet i Noreg var i 2019 på 5.328.212. Med dette ser ein at den årlege nedgangen i folkevekst held fram, og veksten førre år var den svakaste sidan 2004. Dei nasjonale tala viser også at befolkninga i større grad enn tidlegare er konsentrert til tettstadar og tettbygde strøk. Dette gir flyttetap for mange små kommunar. Tidlegare år har høg innvandring kompensert for eit slikt flytteunderskot i små kommunane. No som innvandringa til Noreg er mindre ser ein at dei innanlandske flyttingane får ein større effekt for sentraliseringa.


Statistikk for nye Vestland fylke syner også at sentraliseringa er venta å auka i dei neste åra. Fram mot 2040 vil åtte av ti innbyggjarar vera busette i dei mest sentrale kommunane. Det er venta at veksten vil vera størst i dei nest mest sentrale kommunane. Dette gjeld kommunar som Fjell, som er ein typisk omlandskommune og eit større regionscenter.

2. Korleis er det å arbeida i kommunen?

2.1. Arbeidsløyse

For Fjell kommune ligg arbeidsløysa noko høgare enn for både landet og fylket. Per utgangen av juni 2019 var Fjell registrert med ei arbeidsløyse på 2,8 prosent av arbeidsstyrken, medan fylket og landet låg på høvesvis 2,2 prosent og 2,1 prosent.

Heilt ledige i prosent av arbeidsstyrken, 2019



Kjelde: www.nav.no

Samanlikna med året før har Fjell kommune hatt ei nedgang i arbeidsløysa, frå 3,3 prosent i juni 2018, mot 2,8 prosent juni 2019. Den same trenden ser ein også ved å studera regionen under eitt, der ein ser at arbeidsmarknaden ser ut til å ha stabilisert seg i sakte nedgåande retning. Tal på arbeidsledige i dei tre kommunane har gått marginalt ned frå mai, frå 558 ledige personar i regionen i juni, mot 570 månaden før.

	Tal: (Mai)	Arbeidsstyrken i %	Endring frå 2018 i tal:	Endring frå 2018 i %:	Langtidsledige i tal:	Endring i % 2018
Sund	109 (105)	3,1 (3,0)	- 43	- 28	20	- 20
Fjell	381 (396)	2,8 (2,9)	- 69	- 15	134	- 10
Øygarden	68 (69)	2,8 (2,9)	- 23	- 25	29	9

Kjelde: NAV Fjell


Både i region vest og i NAV Vestland (fylket) er arbeidsløysa størst innan industriarbeid, butikk- og salsarbeid og bygg & anlegg. Det er derimot få ledige innan akademia og undervisning, ingeniør- og IKT-fag og leiarar.

2.2. Økonomisk sosialhjelp

Samanlikna med 2018 i same periode har det vore ei auke i økonomisk sosialhjelp. Ved utgangen av juni 2019 var det 528 personar som mottok økonomisk sosialhjelp, medan tala frå juni 2018 var 435. Talet viser til personar som har mottatt økonomisk sosialhjelp siste to månadar, anten som hovudinntektskjelde eller som supplerande stønad. Ei auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp siste året skuldast i hovudsak innstrammingar i den statlege AAP-ordninga (arbeidsavklaringspengar).


Ser ein på utviklinga i 2019 er det ei lita auke i perioden mellom januar og juni (om lag 3 prosent).

Langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp



Kjelde: [Politisk styringsinformasjon - rapportering av nøkkeltal 2019](#)

NAV Fjell rapporterer om at den største delen av nye sosialhjelpsmottakarar er unge under 30 år. Dette heng truleg også saman med ei auke i ledige blant unge under 30 år.



Det vert viktig å følgja utviklinga i folketal, arbeidsløyse og økonomisk sosialhjelp for å vurdere eventuelle levekårsutfordringar i kommunen. Rapporten vil presentere ferske tal og trendar utover hausten.

3. Dei frie inntektene

Frie inntekter	Juni 2019
Rammetilskud	6 590 310
Skatt	-5 348 680
Sum	1 241 630

Rammetilskotet viser meirinntekter på om lag 6,6 mill etter 6 månader. Inntektsutjamninga (skatt) vert ført saman med rammetilskot.

Skatt viser mindreinntekter på omlag 5,3 mill. Samla viser frie inntekter meirinntekt på 1,2 mill per juni måned. Skatteøret for kommunane er redusert for 2019 og isolert sett kan dette kan gje mindreinntekter på skatt for 2019. Fjell kommune er ein låg inntektskommune med korrigerede frie inntekter på berre 92% av landsgjennomsnittet. Dette er blant dei lågaste i landet.

Rammetilskotet vert utbetalt i ti terminar og vil auka utover hausten, særleg grunna inntektsutjamninga. Utbetalinga dekkjer inn 60 prosent av forskjellen mellom landsgjennomsnittet og faktisk inngang (92 prosent i Fjell). Tapet i inntekt vil likevel verta 40 prosent.

4. Økonomisk resultat per juni 2019

Normalforbruket etter 6 månader vil variera frå sektor til sektor, alt etter samansettinga av inntekts- og utgiftsartar og andre særskilte tilhøve. I tala er det ikkje inkludert meirutgifter til lønsoppgjeret for den einskilde sektor.

Dei ulike sektorane vert presentert kvar for seg, og det vert lista opp iverksette tiltak og rapporterte konsekvensar under kvar sektor. Føremålet med dette er å synleggjera korleis innstramninga påverkar tenestene, og då særleg lovpålagte tenester. Det er berre dei tenestene som opplever konsekvensar av innstramninga som rapporterer om dette, men alle sektorar presenterer rekneskap og aktuelle tiltak.

4.1. Skulesjefen

Sektor	Buds(end)	Periodisert	Regnskap	Avvik
Skulesjefen 1-6	2019	Budsjett	2019	1-6
Sum utgifter	439 399 000	213 365 362	221 252 158	-7 886 796
Sum inntekter	-71 585 000	-37 983 327	-42 728 389	4 745 062
Sum	367 814 000	175 382 035	178 523 769	-3 141 734

Netto driftsutgifter knytt til skulesektoren viser eit meirforbruk på om lag 3,1 mill etter 6 månaders drift. Meirforbruket er knytt til netto vikar/sjukeløn og kjøpte tenester (vikar).

Tiltak

Skulesjefen har sett i verk fylgjande tiltak for at meirforbruket ikkje skal auka ytterlegare i 2019:

- Undervisning – auke frå 5 til 6 % prosent reduksjon i rammetimetall
- Reduksjon administrativ bemanning
- Vikarbruk reduksjon
- Auka inntekt gjennom refusjon frå Skyss

4.2. Omsorgssjefen

Sektor	Buds(end)	Periodisert	Regnskap	Avvik
Omsorgssjefen 1-6	2019	Budsjett	2019	1-6
Sum utgifter	300 013 000	138 960 925	149 111 158	-10 150 233
Sum inntekter	-37 660 000	-11 462 370	-18 641 554	7 179 184
Sum	262 353 000	127 498 555	130 469 604	-2 971 049

Netto driftsutgifter for omsorgssjefen viser at sektoren har eit meirforbruk på om lag 3 mill. Meirforbruk skuldast netto vikar.

Tiltak

Omsorgssjefen har sett i verk fylgjande tiltak for at meirforbruket ikkje skal auka ytterlegare i 2019:

- Innstramming i vikarbruk
- Vakanse i stillingar kor dette let seg gjennomføre på forsvarleg vis
- Helsepersonell som arbeidar i andre typar stillingar kan få mellombels andre oppgåver innan pleie og omsorg
- Innkjøpsstopp

Konsekvensar av innstramming

Innstramminga som følgje av tiltaka over har medført fleire konsekvensar, både for tenestetilbodet til innbyggjarane, men også for dei tilsette i omsorgssektoren.

Konsekvensar i tenestetilbodet:

- Dagavdelinga ved Kvednatunet vil halda delvis stengt i veke 27-28-29 då det ikkje vert leigd inn vikar i ferien. Dei som har moglegheit til å koma seg til Kvednatunet på eige hand vil likevel få eit redusert tilbod som musikkterapeut tek seg av. Eit redusert tilbod om dagavdeling betyr eit manglande tilbod til heimebuande, og kan medføra meir einsemd og lange dagar for dei som vert ramma.
- Manglande fysioterapi-tilbod ved Kvednatunet i sommar. Det kan vurderast å nytta fysioterapitenesta ved Straume.
- Reduksjon i aktivitetstilbod for brukarar med funksjonshemmingar, samt redusert reinhald.
- Fleire avviksmeldingar på Fjell sjukeheim som følgje av redusert ekstrabemanning. Meldingane går i hovudsak på auka uro og utagering. Pasientar melder også om at dei kjenner seg utrygge på om det er nok personalet i avdelinga. Personalet arbeidar på tvers av avdelingar for å trygge pasientar.
- Heimetenestene har fleire avviksmeldingar om at medisin er gitt for seint, som følgje av innsparing i vikarar. Heimebuande får også hjelp på andre tidspunkt enn det dei ynskjer som følgje av redusert vikarbruk.
- Lang sakshandsamingstid for brukarstyrt personleg assistanse som følgje av innsparing i vikar.
- Lang sakshandsamingstid for parkeringsløyve for rørslehemma som følgje av innsparing i vikar. Dette genererer også mange telefonar til servicetorg frå innbyggjarar som etterspør svar på søknad.

Konsekvensar blant tilsette:

- Slitasje blant personalet som følgje av redusert bemanning. Dette gjeld særleg bemanning på natt.
- Helsepersonell som til dagleg har andre oppgåver som leiarar, sekretærar o.l. bidreg no i større grad med pleieoppgåver. Dette medfører ei forseinking i andre oppgåver, blant anna opplæring og oppfølging av assistentar og/eller ferievikarar.

4.3. Sosialsjefen

Sektor	Buds(end)	Periodisert	Regnskap	Avvik
Sosialsjefen 1-6	2019	Budsjett	2019	1-6
Sum utgifter	112 379 000	56 719 673	64 712 283	-7 992 610
Sum inntekter	-35 423 000	-8 210 117	-12 686 049	4 475 932
Sum	76 956 000	48 509 556	52 026 234	-3 516 678

Netto driftsutgifter til sosialsjefen viser eit meirforbruk på om lag 3,5 mill etter 6 månader. Nokre av forklaringane på dette kan ligge i kva type tenester som ligg her. Barneverntenesta har eit høgt arbeidspress, og har motteke 371 meldingar om bekymring for barn og unge sin omsorgssituasjon i perioden januar – mai 2019. Dette genererer mange arbeidstimar med samtaler, utredning og vedtaksarbeid. Ein ser også ei auke i unge som slit med rus og psykiske vanskar, og desse krev oppfølging heile døgnet, noko som gir ekstra kostnader. Vidare har barnevernet kostnader rundt 2 millionar kronar knytt til kjøp av lovpålagte tenester som til dømes psykologar, rettleiarar, miljøarbeidarar m.m. Det er også høge kostnader knytt til behandling av tvangssaker i Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker. Sosialsjefen har gjort ei effektivisering i praksisen kring desse, der eit nyttar samtaleprosess som alternativ til fullverdig rettsprosess. Her forsøker leiar i nemnda å gjennom samtalar med partane å finna løysingar for barnets beste, og slik sett unngå ei fullverdig rettssak.

Tiltak

Sosialsjefen har sett i verk fylgjande innsparringstiltak:

- Ta i mot fleire einslege mindreårige til busetting utan å auke kostnadene.
- Vurdere alternative måtar på bemanning av krisesenter.
- Effektivisering i høve rettsprosessar i tvangssaker på barnevern.
- Redusere bruk av vikar

Konsekvensar av innstramming

Konsekvensar i tenestetilbodet:

- Gullfjellbasen avlastning for barn og unge med åtferdsproblematikk vert stengt i 2 veker i sommar, medan Straumfjellet avlastning vert stengt i 1 veke. Det vil likevel vera noko drift begge stadar for å oppretthalda tenesta til dei som er heilt avhengig av tilbodet.
- Reduksjon i aktivitetstilbodet gjennom heile sommaren ved både Gullfjellbasen og Straumfjellet.
- Endring i drift for EM (einslege mindreårige)-tiltaket. Det er no berre eit av dei tre husa som har miljøpersonalet i døgnturnus. Eit av husa er gjort om til eit bu-kollektiv der dei som bur der er i all hovudsak over 18 år, og ansvarlege for å betale husleige og livsopphald sjølv. Dette fungerer som eit tiltak med bu-trening.

4.4. Helsesjefen

Sektor	Buds(end)	Periodisert	Regnskap	Avvik
Helsesjefen 1-6	2019	Budsjett	2019	1-6
Sum utgifter	180 730 000	87 047 379	90 371 201	-3 323 822
Sum inntekter	-52 995 000	-29 421 866	-33 208 431	3 786 565
Sum	127 735 000	57 625 513	57 162 770	462 743

Netto driftsutgifter er om lag i balanse med mindreforbruk på om lag 0,4 mill etter 6 måneder. Sektoren reknar med å vere i balanse ved årets slutt.

Tiltak

Helsesjefen har sett i verk følgjande tiltak:

- 2 stillingar for kommunepsykolog er satt vakant ut 2019. Det vert ytterlegare 2 vakante stillingar i løpet av august og september.
- Deler av stilling for ergoterapeut står vakant
- Innsparing på introduksjonsprogram (reduisert helsetilbod).

Konsekvensar av innstramming

Konsekvensar i tenestetilbodet:

Innanfor området til kommunepsykologar er det ikkje mogleg å oppretthalda eit ordinært tenestetilbod til innbyggjarar eller samarbeidsinstansar med så mange vakante stillingar. Følgjande kurs, konsultasjonar og tiltak utgår;

- DUA – dei utrulege åra. Foreldreprogram (14 x 2 timar) – gir grupperettleiing til foreldre og føresette for å fremja eit godt samspel, samt førebyggje og behandle åtferdsproblem hos barn.
- Angstmestringskurs for ungdommar i alderen 13-23 år (3 x 3 timar)
- Stressmestringskurs for elevar på vidaregåande skule og ungdomsskule 13-23 år (3 x 2 timar)
- COS (Circle Of Security) – foreldrerettleiingsprogram drevet i samarbeid med helsestasjon.
- Konsultasjonstid på ungdomsskule og på vidaregåande skule
- Deltaking i ressursgruppe Zippys vener for opplæring. Zippys venner er eit evidensbasert program for å lære barn i småskuletrinnet om livsmestring, og handlar om handtering av kjensler, kommunikasjon, vennskap og konflikthandling. Programmet vert gjennomført på skulen, men kommunepsykolog deltar jamleg i ressursgruppe for å lære og rettleie skulen i å undervise i programmet.

Andre tilbod som truleg utgår:

- Tilbod til flyktingteneste – både tilbod på kraftsenteret for flyktingar, samt tilbod til einslige mindreårige (EM tiltak).
- Trygg start - eit forsterka helsestasjonstilbod til sårbare gravide og foreldre med behov for tett og individuell oppfølging i svangerskapet, samt sped- og småbarnsperioden. Trygg start består av eit team samansett av jordmor, helsesøster, kommunepsykolog, familierettleiar frå barnevern-tenesta, samt representant frå NAV.

- Det vert ikkje mogleg å gje individuelle behandlingstilbod hausten 2019, samt at tid til rettleiing og konsultasjon til tilsette i kommunen vert noko redusert.
- Inntaksstopp for individuell behandling i RASK psykisk helsehjelp

Vakanse i deler av ergoterapeut-stilling medfører lengre ventetid for personar som bur heime, og som treng hjelp til søknadsprosessar til Husbanken og hjelpemidlar i heimen.

4.5. Barnehagesjefen

Sektor	Buds(end)	Periodisert	Regnskap	Avvik
Barnehagesjefen 1-6	2019	Budsjett	2019	1-6
Sum utgifter	133 942 000	64 020 944	71 086 532	-7 065 588
Sum inntekter	-28 486 000	-14 948 794	-20 481 981	5 533 187
Sum	105 456 000	49 072 150	50 604 551	-1 532 401

Netto driftsutgifter viser meirforbruk med om lag 1,5 mill. Barnehagesjefen vil halde ei stram økonomisk styring av barnehagesektoren resten av året og reknar med å kunne ha ei innsparing på om lag 1 mill ved slutten av rekneskapsåret 2019 og vil soleis vere om lag i balanse.

Tiltak

Barnehagesjefen har sett i verk følgjande tiltak:

- Streng vikarbruk i barnehage, men forsvarleg bemanning
- Streng vurdering av vedtak om individuell tilrettelegging for barn i barnehage.

4.6. NAV

Sektor	Buds(end)	Periodisert	Regnskap	Avvik
Nav 1-6	2019	Budsjett	2019	1-6
Sum utgifter	39 956 000	19 530 367	25 221 119	-5 690 752
Sum inntekter	-	-	-1 114 374	1 114 374
Sum	39 956 000	19 530 367	24 106 745	-4 576 378

Netto driftsutgifter viser at sektoren har meirforbruk på 4,6 mill etter 6 månader. Dette skuldast i hovudsak innstrammingar i den statlege AAP-ordninga (arbeidsavklaringspengar). Endringane gjeld reduksjon i tida ein kan motta AAP. Dette har ført med seg at mange har fått avslutta ordninga og gått over på økonomisk sosialhjelp som er ei kommunal yting. Det er i revidert nasjonalbudsjett varsla ein kompensasjonsordning for kommunane for å dempe effekten av omlegginga, men kompensasjonen vil ikkje dekke Fjell kommune sine meirutgifter.

Tiltak

Det er ikkje lagt opp til innsparingstiltak på NAV, men også her vil stillingar stå vakante.

Konsekvensar av innstramming

- Lengre saksbehandlingstid for økonomisk sosialhjelp på 5 veker, noko som er 2 veker lengre enn norm. Dette er som følgje av ei auke i søknadar om økonomisk sosialhjelp, samt innsparing på vikar.
- Innsparing av vikar gjer at det er mindre ressursar til oppfølging av ressurskrevjande personar. Ein pressa ressursituasjon kan også føra til at det ikkje er nok tilsette til å søkje brukarar inn på statlege tiltak, som igjen kan føra til ei ytterlegare auke i sosialbudsjettet.

4.7. Plan- og eigedomssjefen

Sektor	Buds(end)	Periodisert	Regnskap	Avvik
Plan-og eigedomssjefen 1-6	2019	Budsjett	2019	1-6
Sum utgifter	192 591 000	98 340 918	100 110 222	-1 769 304
Sum inntekter	-60 228 000	-22 201 128	-20 178 625	-2 022 503
Sum	132 363 000	76 139 790	79 931 597	-3 791 807

Netto driftsutgifter til plan- og eigedomssjefen viser eit meirforbruk på om lag 3,8 mill etter 6 månader. Dette skuldast i hovudsak reduserte inntekter knytt til sjølvkostområdet innan byggesak og kart/oppmåling. Plan har høg inngang av saker.

Tiltak

Plan- og eigedomssjefen har sett i verk fylgjande tiltak:

- 2 stillingar på byggesaksavdelinga er satt vakant ut 2019
- Byggesaksvakta vert redusert til eit minimum.
- Handsaming av klagesakar vert redusert til eit minimum.
- 1 stilling vakant på planavdelinga.

Konsekvensar av innstramming

Konsekvensar i tenestetilbodet:

- Auke sakshandsamingstid
- Det vert ikkje kapasitet til å følgja opp saker om ulovlege tiltak. Unntaket er saker der viktige omsyn er gjeldande, og i slike tilfelle vert det gjort ei individuell vurdering om saka skal følgjast opp.
- Mindre omfattande mottakskontroll av byggesaker som følgje av manglande kapasitet.
- Dei siste åra har planavdelinga hatt fleire oppseiingar blant erfarne tilsette. Sjølv om det vert gjort nye tilsettingar ser ein at det er vanskeleg å tiltrekke seg medarbeidarar med tilsvarande erfaring. Ei høg turnover gjer også at andre tilsette i avdelinga brukar tid på opplæring av ny-tilsette. Samstundes bidrar planavdelinga med ressursar til arbeidet med ny kommune. Som ei følgje av dette er den totale ressursituasjonen i planavdelinga pressa. Når det i tillegg står ei stilling vakant på planavdelinga vil fylgjande saker få lengre sakshandsamingstid;
 - ✓ Oppstartsmøter
 - ✓ Mindre endringar
 - ✓ Sluttbehandling av private planforslag
 - ✓ Føring av lovpålagt planregister
 - ✓ Overordna planar

4.8. Kultursjefen

Sektor	Buds(end)	Periodisert	Regnskap	Avvik
Kultursjefen 1-6	2019	Budsjett	2019	1-6
Sum utgifter	16 010 000	7 642 465	8 668 330	-1 025 865
Sum inntekter	-198 000	-59 000	-947 426	888 426
Sum	15 812 000	7 583 465	7 720 904	-137 439

Netto driftsutgifter viser om lag balanse etter 6 måneder. Det er venta at Kultursjefen vil vere om lag i balanse ved årets slutt med uendra budsjett.

Tiltak

Reduksjon i vikarbruk. Det er ikkje teke inn vikarar knytt til to langtidssjukemeldte.

Konsekvensar av innstramming

Konsekvensar i tenestetilbodet:

- Reduksjon i aktivitetar hos stab, bibliotek og fritidsklubbar.
- Ingen oppfølging av satsingar knytt til friluftsliv
- Sårbarheit når det gjeld å halda fristar knytt til siste band av Bygdebøkene.

4.9. Servicetorgsjefen

Sektor	Buds(end)	Periodisert	Regnskap	Avvik
Servicetorgsjefen 1-6	2019	Budsjett	2019	1-6
Sum utgifter	206 865 000	100 975 201	100 862 744	112 457
Sum inntekter	-21 202 000	-19 194 498	-18 812 461	-382 037
Sum	185 663 000	81 780 703	82 050 283	-269 580

Netto driftsutgifter viser meirforbruk med om lag 0,2 mill etter 6 månader. Ved uendra budsjett er det venta at Servicetorgsjefen vil vere om lag i balanse ved årets slutt.

4.10. Stabane – Rådmann, Personal, Økonomi og IKT

Sektor	Buds(end)	Periodisert	Regnskap	Avvik
Stabane 1-6	2019	Budsjett	2019	1-6
Sum utgifter	89 509 000	65 229 109	66 135 752	-906 643
Sum inntekter	-11 587 000	-62 876	-420 162	357 286
Sum	77 922 000	65 166 233	65 715 590	-549 357

Netto driftsutgifter viser meirforbruk med om lag 0,5 mill etter 6 månader. Det er venta at stabane vil ha eit mindreforbruk ved slutten av året.

5. Prognose for årsresultat per sektor

Etter berre seks månaders er det vanskeleg å gje ei sikker prognose på resultatet ved utgangen av året. Den økonomiske effekten av lønsoppgjøret er ikkje klarlagt i detalj. Effekten for netto vikar er også usikker. Netto effekten innan gjesteelevar i skulen og utanbys born i barnehage ikkje kjent og har hatt store variasjonar dei siste åra. Vidare er det vanskeleg å kostnadsrekne effekten av alle dei ulike innsparingstiltaka som er sett i verk i heile organisasjonen. Årsprognosen er usikker og er avhengig av at innsparingstiltaka verkar. Dette vil ein først sjå full effekt av ut over hausten. Lønsoppgjøret for 2019 er ikkje innarbeid i tala. Det er sett av 7,8 mill til lønsoppgjøret men det er venta at lønsoppgjøret vil utgjere om lag 16 mill inkl. sosiale omkostningar.

Nedanfor følgjer tabell med oversikt over sektorane periode 1-6 og innsparingstiltak resten av året:

Sektor	Buds(end)	Periodisert	Regnskap	Avik 1-6	Innsparingstiltak
		Budsjett	pr juni		
STABANE	77 922 000	65 166 233	65 715 590	-549 357	-
SERVICETORGSJEFEN	185 663 000	81 780 703	82 050 283	-269 580	1 500 000
KULTURSJEFEN	15 812 000	7 583 465	7 720 904	-137 439	200 000
SKULESJEFEN	367 814 000	175 382 035	178 523 769	-3 141 734	4 800 000
BARNEHAGESJEFEN	105 456 000	49 072 150	50 604 551	-1 532 401	1 000 000
SOSIALSJEFEN	76 956 000	48 509 556	52 026 234	-3 516 678	2 000 000
NAV	39 956 000	19 530 367	24 106 745	-4 576 378	-
HELSESJEFEN	127 735 000	57 625 511	57 162 768	462 743	-
OMSORGSSJEFEN	262 353 000	127 498 555	130 469 604	-2 971 049	1 900 000
PLAN- OG EIGEDOMSSJEFEN	132 363 000	76 139 790	79 931 597	-3 791 807	3 000 000
LMS	23 730 000	9 104 821	9 997 778	-892 958	-
Sum	1 415 760 000	717 393 185	738 309 823	-20 916 638	14 400 000

6. Konsekvensar av innstramningar i vikarbruk og retilsettingar.

Føregåande kapittel synleggjorde kva konsekvensar den økonomiske situasjonen og innsparingstiltaka har på tenestetilbodet i kommunen. Under dette kapitlet vil ein sjå om det er mogleg å sjå eventuelle effektar av vikarinnsparing, samt om ei slik innsparing slår ut på sjukefråværet i sektorane.

6.1. Innsparing i netto vikarutgifter

Frå mai til juni månad 2019 finn ein ei innsparing i netto vikarutgifter på om lag 0,4 mill. (2,46%) i høve til budsjett. Om ein studerer tal frå 2018 i same periode er det til samanlikning ei nedgang på om lag 1,6 mill. (13,83%). Ein kan ikkje sjå at innsparingsvedtaket frå mai har materialisert seg enda i 2019.


Vidare kan noko av årsaken til høgt vikarbruk skuldast høgare avgang i arbeidsstokken enn normalen. Sjukelønrefusjon for juni 2019 er lågare enn i 2018. Noko av dette kan skuldast at sjukelønnsrefusjonen er digitalisert, noko som gjer at refusjonane kjem inn noko seinare.

6.2. Effekt på sjukefråvær

Av tabellen under finn ein at sjukefråværet hos tilsette i Fjell kommune er gått noko ned samanlikna med 1. kvartal. Av føregåande år kan at dette er eit mønster som går igjen, med høgast sjukefråvær i første og fjerde kvartal, medan det er noko mindre i andre og tredje. Dette kan truleg forklarast med sesongvariasjonar, som kjem blant anna av influensa m.m. Dersom ein samanliknar sjukefråværet med same kvartal i 2018 har sjukefråværet auka med 0,9 prosent.

Det er ikkje mogleg på det noverande tidspunkt å vurdere om sjukefråværet vert auka som følgje av innsparingar i vikarbruk.

Totalt sjukefråvær pr. kvartal - Fjell kommune



Tabellen under viser utviklinga i dei ulike sektorane. Det er Kultur, servicetorg, omsorg og barnehagesektor som ligg høgast 2. kvartal. I omsorg- og barnehagesektor er Fjell kommune med i ei NED-satsing for å få ned sjukefråværet.

Sektor	1 kv 2019	April	Mai	Juni	2. kvartal
Stabsavdelingane	4,6	3,84	4,48	2,84	4,26
Servicetorgsjefen	5,0	6,40	3,68	11,50	11,50
Kultursjefen	12,6	15,10	12,30	13,60	13,65
Skulesjefen	8,3	8,81	8,32	6,51	7,91
Barnehagesjefen	16,3	13,93	14,43	11,98	13,32
Sosialsjefen	10,5	13,98	3,70	2,46	6,67
NAV	2,9	3,30	1,30	0,00	1,60
Helsesjefen	9,7	6,61	6,90	9,45	7,62
Omsorgssjefen	11,1	13,13	11,16	10,06	11,17
Plan- og utbyggingssj	6,3	7,93	7,13	5,50	7,08
Eigedomssjefen	4,8	4,19	3,78	3,38	3,92
SUM FJELL KOMMUNE	10,20	10,60	9,60	8,00	9,40

7. Konsekvensar av sterke innsparingar i innkjøp og investeringar

Som nemnt innleiingsvis er det gjort vedtak i Formannskapet om at alle innkjøp og investeringar som kan utsetjast skal utsetjast. Tenestene arbeidar med daglege vurderingar av kva som er naudsynte innkjøp, og kva ein kan vente med. I dette kapittelet vil ein synleggjera konsekvensar av innstramminga. Konsekvensane vert presentert avdelingsvis.

Kutt i investeringar hos IKT-sjefen

Som følgje av den økonomiske situasjonen gjorde Komité for drift og forvaltning vedtak om å omprioritera investeringsbudsjettet i juni. Vedtaket vart oppretthaldt i Kommunestyret 20.06.2019 (PS 33/2019). I vedtaket er det blant anna trekt ned 2 millionar frå IT-satsinga. Ei slik reduksjon kan føra til at investeringar hos IKT-sjefen ikkje kan gjennomførast:

- Fornyng/Installasjon datakabelnett Kvednatunet, Straume Bu- og Servicesenter, Ågotnes og Ulveset skular
- Oppgradering/kapasitetsauke trådløst nett i skulane

Manglande infrastruktur vil kunna få følgjer for bruk av velferdsteknologi i omsorg og digitalisering av undervisninga i skulen.

8. Oppsummering

Rådmannen reknar med at rekneskapen vil liggja tett opp til budsjettet, kanskje noko forbetra. Dette vil krevja at omlag 50 stillingar/årsverk står vakante med halvårsverknad. Fjell har gjort noko tilsvarende fleire gonger før, der 30-50 årsverk er sett vakante i kortare eller lengre periodar. Når faste stillingar står vakante, vil vikarbruken auka noko, av di turnusar må gå opp og særskilte arbeidsoppgåver må løysast. Denne effekten ser vi allereie spor av i organisasjonen. Vakansane vil måtte nyttast i heile organisasjonen, men kravet til å ivareta liv og helse går sjølvsagt føre.

Rådmannen ser at innstrammingane går ut over tenestetilbodet til innbyggjarane og arbeidsmiljøet for dei tilsette. Dette er særleg uheldig i ei tid der dei tre kommunane i regionen skal slå seg saman. Det er lett å blanda ulike effektar i ein slik situasjon. Det er likevel sterk politisk vilje til å sikra den nye, større kommunen eit så godt økonomisk utgangspunkt som mogleg. Rådmannen er viss på at Fjell skal løysa sin del av denne utfordringa.

Rådmannen er mest av alt uroa for kva den låge folketalsveksten vil føra til framover. Alle kommunar som får bompenggeinnkrevjing etter nytt samband opplever negativ befolkningsutvikling i ein periode. Askøy er eit godt døme på dette. Men dersom vekstkrafta i den nye kommunen avtar også av andre grunnar er det helt naudsynt å setja i verk konkrete tiltak. Rådmannen vil i seinare rapportar utdjupa dette teamet og sjå på nøkkeltal for til dømes ut- og innpendling, handelsoverskot og bustadbygging. Dette er elles eit oppspel til utarbeiding av kommuneplan for den nye kommunen.

9. Vedlegg

- Marknadsmail frå NAV, region vest
- Kapitalfondet 2019.